

# Vestlandsrådet

Molde, 19. oktober 2021

Regjeringa, v/Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, Regionalpolitisk avdeling

Stortinget, v/Kommunalkomiteen

## STATSBUDSJETTET FOR 2022 - INTERREG-MIDLANE

I Regjeringa Solberg sitt forslag til statsbudsjett er det foreslått store kutt i Interreg-midlane frå 2021 til 2022, på omtrent 40 prosent. Dette rammar særleg Vestlandet sidan ingen av dei tre Vestlandsfylka deltek i A-programma. Særleg hardt går dette ut over Nordsjøprogrammet, der kuttet er på heile 84 prosent.

I tillegg er dei to andre programma som Vestlandet kan delta i, Østersjøprogrammet og Interreg Europa, kutta med 73 og 67 prosent. Dersom desse forslaga blir vedteke i det endelege statsbudsjettet blir rammene så små at det vert svært utfordrande for norske aktørar å delta og oppnå naudsynte resultat.

Norge er i ein situasjon der vi står overfor store omstillingar, der både offentleg sektor og privat næringsliv skal medverke til at vi lukkast med det grønne skiftet. Skal vi oppnå målsettingane med dette, er vi heilt avhengig av internasjonalt samarbeid. Ikkje minst gjeld dette vestlandsfylka, som med sitt eksportretta næringsliv er avhengig av å utvikle gode og innovative løysingar saman med internasjonale partnarar for framleis å kunne ha internasjonalt leiande posisjonar.

Dette samsvarar også godt med departementets eigne målsettingar, slik dei går fram av nettsidene:

«Ett viktig mål er å være med og utforme internasjonal politikk og regelverk som har relevans for norsk regional- og distriktpolitikk og delta i programmer som fremmer regional utvikling».

Og:

«Interreg skal bidra til en mer balansert utvikling mellom regioner. Regjeringen viderefører den norske deltakelsen i Interreg i perioden 2021–2027. Norge skal være en aktiv og likeverdig aktør i samarbeidet».

Interreg-midlane bidreg til innovasjon, omstilling og verdiskaping i heile Norge, er svært viktige for regional utvikling og dermed for fylkeskommunane i rolla som samfunnsutviklar.

For Vestlandet er Nordsjøprogrammet det mest relevant programmet for samarbeid på tvers av regionar, og for alle dei tre fylkeskommunane sitt utviklingsarbeid. Programmet tek opp svært viktige tema for aktørane i våre fylker, der vi har felles interesser og utfordringar med landa rundt Nordsjøen: tema som hav, energi, felles forvaltning av naturressursane, klimatilpassing og tilhøvet mellom urbane og rurale område. Med det forslaget til budsjett som no ligg føre, vil våre aktørar i realiteten miste moglegheita til å delta i utvikling og innovasjon på desse områda i partnerskap med aktørar frå Nederland, Sverige, Danmark, Tyskland, Belgia og Frankrike.

Vestlandsrådet vil difor sterkt oppmode om følgande:

1. Midlane for 2022 må haldast på minst 2021-nivå *for alle Interreg-programma*
2. Budsjettet for heile programperioden 2021-2027 må minst førast attende til det opphavelege nivået som vart lagt fram i statsbudsjettet for 2021. På sikt bør ramma aukast tilbake til det opphavelege nivået for førre programperiode
3. Løyvingane til Interreg må vere forutsigbare slik at Norge igjen kan verte ein stabil, påliteleg og likeverdige partnar i samarbeidet med EU-landa

Vestlandsrådet vil følgje opp engasjementet for Interreg-programma og ta initiativ til dialog med politiske leiing i departementet og Stortinget om dette.

Med venleg helsing



**Tove-Lise Torve**

Fylkesordførar i Møre og Romsdal, og  
Leiar i Vestlandsrådet